

# IKAMR

## FylkesFOTOarkivet i Møre og Romsdal

### Årsmelding 2013

#### **INNLEIING**

FylkesFOTOarkivet (FAK) vart oppretta i 1996.

01.01.2013 vart FAK flytta frå Aalesunds museum (ÅM) og Stiftinga Sunnmøre museum (SSM) til IKAMR. Prosessen for flytting vart initiert av FAK i 2005 og vedtak stadfesta av Fylkeskulturutvalet i 2012. FAK har ei fast stilling og fekk i 2013 eit offentleg tilskot på kr 670.000.

#### **HOVUDOPPGÅVER 2013**

- Formidling av bilete og nyregistrering med fokus på nye og "gamle" fotografarkiv.
- Konsulentarbeid og digitalisering for og ved Nordmøre museum
- Rekapitulering av arbeidsoppgåver og kontaktnett etter 2 års permisjon, overføring av data, oppbygging av utstyrspark.
- Flytting, innreiing og klargjering i nye lokale under IKAMR i Kirkegata 10.

Parallelt har fotoarkivaren fungert i stillinga ved SEDAK til ny leiar vart tilsett i mai 2013. Oppfølging av arbeidet med digitalisering av SEFRAK-materiale for fylkeskulturavdelinga nemnast særskilt.

#### **FAGLEG ARBEID, eksternt**

##### Samarbeid med musea:

Nordmøre museum, konsulentarbeid, digitalisering og registrering. (Prosjekt sidan 2007)

##### Samarbeid med sogelag:

Aukra: Kurs i fotoregistrering

Ørsta: Kurs i fotoregistrering

Stranda: Digitalisering og registrering, Stranda sogelag

Ørskog: Digitalisering og registrering, Ørskog historielag

Sande: Registreringsarbeid, Sande sogelag

##### Samarbeid med kommunar:

Sunndal kommune: Mulvikarkivet, flytting og oppstart av digitalisering og registrering.

Digitaliseringsarbeid i samband med 100-årsboka

Ørsta kommune: Vellearkivet, digitalisering og registrering

Volda kommune: Nerbøvikarkivet, oppstart nettregistrering

##### Samarbeid, nasjonalt

Overføring av Widerøebilete til Nasjonalbiblioteket og samarbeid gjennom det Nasjonale nettverket for foto som FAK/IKAMR er medlem av.

### Samarbeid, andre:

Sunnmøre politidistrikt: Digitalisering og registrering

Fotograf Olgunn Oksavik: Overtaking av fotoarkiv, Haram

### «DIS-GJENGEN»

Dugnadsgjengen vart operativ igjen våren 2013 etter 2 års «permisjon». Arbeidet med oppgradering/registrering av fotograf Moa og fotograf Sponland sine arkiv vart prioritert. På hausten vart innføring av brukarkommentarar prioritert og registrering av Velle- og Oksavik-arkiva.

I alt var det 27 dugnadskveldar med frå 3 til 9 deltakarar i 2013. 11 frivillige har delteke. Omsett i "kveldsverk" à 3 timar tilsvarar dugnadsinnsatsen 490 arbeidstimar. I tillegg kjem ca. 130 timar formell arbeidstid til leiarar. (Inkludert ca. 30 timar administrasjon som førebuingar og avslutning.

### FAGLEG ARBEID, internt

Omorganisering av bilededatabasen, prosedyreskriving. Generelt er internt fagleg arbeid salderingsposten fordi det generelt har vore og er stort sprik mellom det fotoarkivaren må gjere og det ein bør gjere.

### FORMIDLING

FAK sine bilete vert i hovudsak formidla gjennom databasen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane driv for oss. Tilgang til bileta skjer gjennom ulike portalar, ikkje minst gjennom [www.mr.kulturnett.no](http://www.mr.kulturnett.no). Sjølvbetening og fri nedlasting av bileta til privat bruk dominerer.

I alt var det 40 tingingar med rekning. Samla omsetning for sal av bilete og fototenester var i 2013 på kr 139.000 inkl, mva. Tinging av kopiar og filer til trykkbruk er ei betalingsteneste som i mindre grad enn tidlegare vert subsidiert.

Levering av bilete til Jugenstilsenteret si utstilling om fotoassistent Petrine Wiik og bilete til Therese Alvik si bok om Steinfeldtfamilien nemnast særskilt.

### FylkesFOTOarkivet I TAL

	31.12.2012	31.12.2013	Tilvekst 2013
Bilete i alt *	243 457	254 418	10 961
Bilete i nettbasen, internt søk	163 292	172 239	8 947
Bilete i nettbasen, eksternt søk	145 035	153 531	8 496
Av desse: Nordmøre museum	23 410	27 383	3 973
Brukarkommentarar (avrunda)	8 600	10 000	1400
Arkiv/samlingar under FAK:	1 174	1 244	70

*I omgrepet «bilete» meiner vi her negativ, glasplater og papirkopiar (reflekskopiar) eksklusive dubletter..*

\* Tal bilete FAK disponerer iflg. register. I tillegg kjem Sponlandarkivet med 60-70.000 glasplater, og om lag 150.000 bilete i fotografarkiv som ikkje er kvantifiserte (Mulvik, Velle, Oksavik). Tek vi med bilete frå eigen dokumentasjon er samla tal bilete FAK disponerer minst 500.000.

Merk at 3973 bilete i tilveksten for 2013 er tal bilete FAK har administrert, delvis digitalisert og lasta opp for Nordmøre museum i 2013.

Det er Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane som drifter databasen og syter for at publikum har tilgang til bileta under FAK sin signatur.

### **HEIMESIDER**

FAK fekk nye heimesider i 2013: [www.fylkesfotoarkivet.no](http://www.fylkesfotoarkivet.no)

Småhendingar frå arbeidet vert prioritert saman med linkar til foto-databasen. Den gamle heimesida [www.fylkesfoto.no](http://www.fylkesfoto.no) er operativ og inneheld mykje informasjon. Det er linkar mellom den gamle og den nye heimesida. Arbeidet med overføring frå gamle sider til nye vart ikkje prioritert i 2013. FAK si heimeside er eit lavkostprosjekt utan nemneverdige eksterne kostnader.

### **MAGASINARBEID**

Ordningsarbeid har ikkje vore prioritert i 2013 utover ompakking av Mulvik-arkivet frå Sunndal og magasinering av Oksavik-arkivet frå Haram. Arbeid i magasinet har primært vore knytt til redigitalisering av bilete i samband med tingingar. Det ligg store "ordreservar" og mykje ugjort arbeid i FAK sitt fotomagasin ved Sunnmøre museum.

### **REISER – SEMINAR – MØTER - ARRANGEMENT**

2013.04.17: Arkivkonferansen 2013, foredrag  
2013.04.25: Stranda Sogelag, digitaliseringsarbeid  
2013.05.05: Landskonferanse i fotobevaring, Kristiansand  
2013.06.05: Kurs i fotoregistrering, Aukra  
2013.06.12: Kurs i fotoregistrering, Ørsta, Hjørundfjord  
2013.09.09: Fotograflaugsmøte, fellesmøte på Røros  
2013.09.24: Møte i fotonettverket, Horten  
2013.10.02: Ålesund Politiforening  
2013.10.30: Aspøy seniorsenter, foredrag  
2013.11.09: Arkivdagen 2013, fotoutstilling mm.  
2013.11.26: Wikipediaseminar, Oslo

Nordmøre Museum: 12 reiser: Konsulent og digitaliseringsarbeid  
Institusjonsfotografenes forening (IFF), 3 reiser/møter (betalt av IFF)

### **EKSTRAHJELP**

Sølvi J. Knudsen har assistert FAK i "ad-hoc"-økter. Opplæring og arbeid med digitalisering av bilete og biletehandsaming er stikkord her. Om lag 70 timar ekstrahjelp vart brukt i 2013.

### **UTSTYR**

I samband med avtalen om flytting av FAK til IKAMR overtok Aalesunds museum alt utstyr som var i bruk ved FAK. Innkjøp av nytt utstyr ved FAK var ikkje slutført ved årsskiftet, men pengane overført til 2014.

## **ØKONOMI - RESSURSAR**

FAK sine inntekter i 2013 var på ca kr 140.000. Fordelinga mellom sal av bilete og arkivavgifter, og sal av tenester/praktisk arbeid, var om lag 50-50. Det er særleg Nordmøre museum som har kjøpt tenester frå FAK i 2013.

Økonomien ved FAK er god med eit rekneskap for 2013 med god margin på plussida. Det skuldast helst at flytting og indreteneste/omorganisering i 2013 har teke meir av arbeidstida enn produksjon enn i eit normalår.

FAK har god nytte av IKAMR sine interne ressursar. Her nemnast særskilt hjelp til datadrift og dagleg samarbeid med leiar for Kulturnett.

## **YMSE**

I samband med flytting av FAK frå ÅM til IKAMR har det i 2013 vore fleire møter mellom partane for å avklare rettar og bruk av FAK sitt arkiv. Desse samtalene var ikkje ferdige ved årsskiftet.

Ålesund, 11.03.2014

Ragnar H. Albertsen  
Fotoarkivar